

**Fra:** Gunnbjørg Austrheim  
**Sendt:** 24.06.2014 12:54:27  
**Til:** Tore Slinning  
**Kopi:**

**Emne:** Kulturminnefagleg innspel. Nyare tid.

**Vedlegg:**  
**Kulturminnefagleg innspel. Nyare tid.**

Hordaland fylkeskommune er kjent med at reiselivsnæringa er eit satsingsområde for Eidfjord, og det er peika på at ei utvikling av Sysendalen er viktig for resten av næringslivet i kommunen.

I det vidare planarbeidet bør kommunen setja fokus på kulturminne og kulturlandskap som ein ressurs som må sikrast.

Det er tidlegare påpeika frå regionale styresmakter at i ei vidare utbygging i Sysendalen, må det dokumenterast at det er tatt nødvendig omsyn til viktige arealinteresser som landskap, natur - og friluftsliv og biologisk mangfald m.m. Som del av ei slik verdisetjing av nasjonale, regionale og lokale samfunnsinteresser i området, må kulturminneinteressene kartleggjast og synleggjerast. Vi vil påpeike at det må utarbeidast eit konkret og fullstendig analysemateriale når det gjeld kulturminneinteressene. Det er m.a. ikkje føreteke ei vurdering av verneverdien av dei SEFRAK-registrerte bygningane innafor området verken som enkelte kulturminne eller som del av eit kulturmiljø. Dette er naudsynt for å vurdere om nokon av desse bør vernast og sikrast, og kva slags tiltak som er akseptabelt i nærleiken. Ei slik felles forståing er viktig for oppnå ei tilpassa og balansert utbygging av Sysendalen

Fylkeskommunen er skeptisk til ei høg utnytting i medhald av dei planar som er godkjende. Området er ope og eksponert og ei ytterlegare utbygging ser vi på som sårbart og eksponerande i høve til landskap og omgjevningen elles. med viktige kulturminne og kulturlandskap.

Planproduktet, spesielt arealplankartet og føresegner/retningslinjer, bør vera konkret og oversiktleg slik at det er minst mogleg konflikt med kulturminneinteresser. Det bør takast stilling til korleis kulturminne og kulturmiljø skal visast i arealplanen. Freda kulturminne bør visast på plankart som bandlagt areal. Vi vil rå kommunen til å bruka dei databasane og kjeldene som er tilgjengeleg når det

gjeld arealdisponering i forhold til kulturminneinteresser. Her kan nemnast Riksantikvaren sin database Askeladden (<http://askeladden.ra.no>) når det gjeld automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne og listeførte kyrkjer/gravplassar. SEFRAK-registeret over nyare tids bygningar/ruinar. I tillegg er det viktig å få fram informasjon om kulturminne som t.d. steingardar, vegar, vegfar, sjøbruksmiljø, marine kulturminne etc.

Traséval som kjem i konflikt med kjende freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne bør unngåast og er grunn til motsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune vil rå til at arealplankart og føresegner vert send til Hordaland fylkeskommune for ei uformell

høyring før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Det er på dette stadiet det er enklast å rydde vekk

unødige konflikter, slik at den politiske handsaminga gjeld tema der det står om ei reell vektning av ulike interesser.